Ragnhild Hammersbøen
Ustedalen 330
3580 Geilo

Til
Fylkesmannen i Oslo og Viken
v/ Saksbehandler: Eline Kristiansen Sedal og
v/ Seksjonssjef juridisk avdeling: Anne Danielsen Haugland

og til
Hol kommune
v/ Rådmann Ole Johnny Stavn

Geilo 08.01, 2021.

## Vedtak i klagesak – detaljregulering for Kikut-utfarten.

Viser til brev fra Fylkesmannen i Oslo og Viken datert 22.12, 2020, Ref. 2020/21466:

---

**Kommunens vedtak av 27.05, 2020 i sak 32/20 stadfestes. Klagene har ikke ført frem.**

---

Eg er klar over at dette vedtaket er endeleg, og ikkje kan påklages videre, jmf. forvaltningsloven § 28 tredje ledd.

Eg vil likevel knytte nokon kommentarer til dette – og med det bringe klarheit i korleis saka/vedtaket av 28.06, 2007 knytta til mitt areal ved Svartesteinstjødnet står seg etter dette – slik at det skal være klart for alle.

Eg vil også grundig redegjere for dei faktiske konsekvensene av dette **Vedtak i klagesak** - som ikkje framkjem av Fylkesmannen si vurdering.

### 1. Fylkesmannen og Hol kommune nekter alle løyper over hjå meg.

Eg viser til mitt brev til Skarverennet 2021 av 21.12, 2020 der eg svarer på deira forespørsel om evt. å komme fram med løyper over min grunn i forbindelse med dette arrangementet.
Eg skreiv i mitt svarbrev at min klage vedr. løyper over hjå meg var knytta opp imot Fylkesmannen i Oslo og Viken sin klagebehandling av Detaljregulering av Kikut-utfarten, og at mitt svar ville avhenge av kva dei kom fram til.
Fylkesmannen har no komme med sitt svar, og har med sitt vedtak i klagesaka **sørga for å stenge seg sjøl og alle andre ute kva gjelder løyper over hjå meg, slik Hol kommune har gjort det i alle desse åra etter at Kommunedelplan for stier og løyper vart vedtatt i Hol kommunestyre 28.06, 2007.**

Denne beslutningen om å nekte alle løyper over hjå meg bygger ikkje på noko lovleg grunnlag.
Dette baserer seg kun på deira vilje – både frå Fylkesmannen og Hol kommune si side.
Og Hol kommune har altså fått med seg Arne Pålgardhaugen på å skulle realisere dette lovbruddet.

Fylkesmannen påberoper seg i sin vurdering av min klage at dei ikkje forholder seg til min klage kva gjelder Vedtak av 28.06, 2007 , eller løyper over hjå meg i det heile tatt. Og at deira klagebehandling kun knytter seg til Detaljreguleringa av Kikut-utfarten , avgrensa av planforslaget og planområde vedtatt i Hol kommunestyre 27.05, 2020 – i henhold til Byggeloven § 12-12 og § 1-9.
Og at det er kun denne vedtatte Detaljreguleringsplanen innafor det aktuelle planområdet Fylkesmannen **tar stilling til**.

Nei, det er det ikkje !
Ved å stadfeste kommunens vedtak av 27.05, 2020 (Detaljregulering for Kikut-utfarten) så tar Fylkesmannen i Oslo og Viken og Hol kommune **aktivt stilling til valg av løypetrase** - dvs. at med dette vedtaket har Fylkesmannen og Hol kommune valgt bort den utfartstraseen som er vedtatt over mitt areal ved Svartesteinstjødnet i 2003 og 2007.
(Eg kan ikkje sjå for meg at Fylkesmannen, Hol kommune og Arne Pålgardhaugen meiner det skal gå 2 utfartsløyper ved sida av kvarandre austover i dette same området).

Dei løypene som Hol kommune, Fylkesmannen og Arne Pålgardhaugen dermed har bestemt seg for at dei ikkje vil ha er:

1. **Utfartsløype/kryssende løyper over mitt areal på Kikut**.
2. **Løypene over mitt areal til Ustetind og Tuva.**
3. **Løypa over mitt areal knytta til Ustedalsfjorden rundt.**

## 2. Ingenting er det det gir seg ut for.

Fylkesmannen skriv i sin vurdering
*«Vi forstår det slik at klager er uenig i planforslaget og kommunens skjønnsutøvelse.»*

Nei – eg forheldt meg ikkje til planforslaget som sådann – kva gjeld byggtekniske forhold og hensyn avgrensa av dette planområdet. Eg forheldt meg heller ikkje til den 'skjønnsutøvelsen' Fylkesmannen viser til her, som er presentert i Saksutskrift av 29.09, 2014 sak 63/14.
Det eg påviser i min klage er at dette vedtatte planforslaget er tatt ut av sin sammenheng, og byggjer på løgnaktig og ulovleg grunnlag.

Denne 'skjønnsutøvelsen' som Fylkesmannen viser til her baserer seg altså på **Saksutskrift vedtatt i Kommunestyret i Hol 24.09, 2014** – altså foranledningen til å til å starte arbeidet med å utarbeide forslag til denne Detaljreguleringsplanen for Kikut-utfarten som Hol kommune no har vedtatt, og Fylkesmannen har stadfesta.
Og 'skjønnsutøvelsen' der gikk ut på om dei skulle gå for løysinga ved Kikut Fjellstuer eller denne løypa/kulverten som de no har vedtatt/stadfesta.
Det er ikkje dette som er '**den egentlege skjønnsutøvelsen**' her. (Parkering og utfartsløyper ved Kikut Fjellstuer har aldri vært eit reelt alternativ, det er for trangt der – så denne 'skjønnsutøvelsen' som Fylkesmannen viser til her er berre 'eit spel for galleriet'.)

'Skjønnsutøvelsen' som skjuler seg i denne Detaljreguleringsplanen for Kikut-utfarten, og som Fylkesmannen no er delaktig i, er å bruke denne Detaljreguleringa for Kikut-utfarten til ved hjelp av den å ta stilling til valg av trase -
og der den 'skjønnsmessige vurderingen' som Fylkesmannen så vakkert kaller det, altså står miljo denne utfartsløypa/utfartsparkeringen over hjå meg ved Svartesteinstjødnet som ble vedtatt 28.06, 2007 – og denne Kikut-utfarten mot aust som det legges opp til i denne Detaljreguleringsplanen som Hol kommune no har vedtatt.

Med denne **hemmeligholdelsen** prøver Hol kommune seg altså igjen på å 'kvitte seg med' Vedtaket av 2007 – og mitt betalingskrav. (**...og som ingen skal legge merke til !**)
Altså ennå **eit ulovleg påfunn** frå Hol kommune si side – og som Fylkesmannen no altså er delaktig i.

Løsningen for parkering/utfartsløyper fantes allereie over hjå meg ved Svartesteinstjødnet, og var allereie vedtatt i 2007. – Og vedtaket står fortsatt ved lag!
Dette er ikkje nevnt i saksutskriftet eller tatt med i 'skjønnsutøvelsen' i vedtatt Saksutskrift av 24.09,2014 i det heile tatt.

– På kva grunnlag har Hol kommune tillatt seg å utelate dette?

Alt er grundig redegjort for i mi klage, men eg får ta det for meg ei gang til:

- Hol kommune har nekta å innfri Kommunestyrevedtak av 28.06, 2007 som omfatter alle løyper over hjå meg, også utfartsløypene/det beslaglagte utfartsarealet ved Svartesteinstjødnet på Kikut.
  **Dette er ulovleg.**
  Eg har aldri nokonsinne protestert på vedtaket.

- Hol kommune har nekta å framleggje eller underskrive nokon Grunneigaravtale med meg som samsvarer med det aktuelle vedtaket.
  **Dette er ulovleg.**
  Eg har aldri nekta å underskrive nokon slik avtale.

- Hol kommune har fjerna alle løyper over hjå meg.
  **Dette er ulovleg.**
  Det sto presisert i den vedtatte Sti og løypeplan av 28.06, 2007 at:
  *«Hol kommune kan ikkje fjerne eller leggje om løypene som er vedtatt i denne planen, med mindre grunneigar ber om det.»*
  Eg har aldri bedt om at løypene over hjå meg skulle fjernas.

Det einaste eg har bedt om er at vedtaket må innfris.
Det forelåg ingen konflikt miljo Hol kommune og meg etter at vedtaket av 28.06, 2007 var gjort. Alt var forankra i vedtaket.

Hol kommune var i harnisk etter at Kommunestyret i Hol hadde gjort sitt vedtak 28.06, 2007! Det var ikkje slik dei hadde planlagt det. Dei hadde nemleg aldri hatt som intensjon å betale for utfartsarealet mitt på Kikut . – **Men no hadde dei altså vedtatt det!** Så istaden for å innfri vedtaket, prøvde dei dermed å ljuge på seg '**ei konflikt**' for på den måten prøve å kvitte seg med vedtaket og mitt betalingskrav – for å komme i posisjon til å kunne ta arealet mitt på Kikut ved hjelp av ekspropriasjon (Friluftsloven).
Dei viste til **ei forhandling** som angiveleg skulle ha funne stad miljo Hol kommune og meg, og der 'forhandlinga' ikkje førte fram.
Så Rådmannen påstod at eg i denne 'liksomforhandlinga' hadde nekta alle løyper over hjå meg, at eg hadde nekta å skrive under nokon Grunneigaravtale, og at han på grunnlag av dette såg seg nøygt til å fjerne alle løyper over hjå meg.

Dette er løgn!

Det har aldri foregått nokon slik forhandling miljo Hol kommune og meg, av den enkle grunn at det ikkje var noko å forhandle om!

På dette løgnaktige grunnlaget 'avslutta' Hol kommune saka med Ragnhild Hammersbøen (meg) – med ein liten løgnaktig notis i Hallingdølen i 2012.
Det foreligg ikkje noko Saksdokument på denne 'avslutninga av saka' i Hol kommune.
Ein løgnaktig liten notis (lesarinnlegg) i Hallingdølen er sjølsagt ingenting verdt.
Og på det same løgnaktige grunnlaget vedtok Hol kommune dette Saksutskriftet vedtatt i Kommunestyret i Hol 24.09,2014 – altså oppstarten til denne Detaljreguleringsplanen som kommunen no har vedtatt.

Alt som har foregått i denne saka heilt frå 2007 og fram til i dag – inklusive denne Detajreguleringen for Kikut-utfarten – byggjer på at Hol kommune ulovleg har unnlatt å innfri Vedtak av 28.06, 2007.
Og vedtaket står fortsatt ved lag!

Denne Detaljreguleringa for Kikut-utfarten som Hol kommune har vedtatt, og Fylkesmannen no har stadfesta **er dermed ikkje det den gir seg ut for**.
Dette er ein dekkoperasjon. Kall det gjerne eit blendverk.
Og utgjer berre **ennå eit ulovleg påfunn** frå Hol kommune si side.
(Og Fylkesmannen lar seg villig blende. – Der har dei ingenting å utsetje på noko som helst)

Så det Fylkesmannen og Hol kommune så desperat er ute etter å prøve å få til her – er altså nøyaktig det same som Hol kommune har holdt på med i 13 år no –
**nemleg å prøve kvitte seg med Vedtaket av 28.06, 2007 – og mitt betalingskrav.**

## 3. Massivt angrep på demokratiet og på meg.

Fylkesmannen skriver i sin vurdering av mi klage:
*Ref.:*
*«Fylkesmannen bemerker at uenigheter mellom klager og kommunen om klagers rettigheter som grunneier og uenigheter om pengekrav knyttet til slike forhold, ikke er gjenstand for Fylkesmannens vurdering. Flere av Hammersbøens anførsler er knyttet til uenighet om grunneieravtaler og betalingskrav. Dette er privatrettslige forhold som ikke er del av Fylkesmannens klagebehandling».*

Kva for uenigheter er det Fylkesmannen snakker om her?
Eg vil ha meg frabedt at Fylkesmannen definerer dette som uenigheter **miljo Hol kommune og meg**.
Det foreligger ingen uenigheter verken om vedtaket, gunneieravtale eller betalingskrav miljo Hol kommune og meg.
Det som måtte ha vært av uenigheter i saka førut for at vedtaket ble gjort – ble tatt stilling til og avgjort med vedtaket av 28.06, 2007.
Alt er forankra og avgjort med dette vedtaket .

Og når saka er avgjort med eit Kommunestyrevedtak – så er det dette vedtaket som både Hol kommune og den som blir berørt av vedtaket må rette seg etter.
Eg har aldri protestert på vedtaket. – Eg har kun bedt om at vedtaket må innfris.

Dette er Hol kommune si sak!

Desse uenighetene som Fylkesmannen refererer til ovanfor befinner seg kun i Hol kommune. Alt som Hol kommune har foretatt seg etter at vedtaket var gjort – handler om og bygger på at både Administrasjonen og Kommunestyret **var og er uenige i sitt eige vedtak**.

Det Hol kommune skulle ha gjort allerede i 2007 var sjølsagt å foreta eit Endringsvedtak – dersom dei opplevde at dette vedtaket kom heilt feil ut.

**Istaden valgte dei altså å gå til massivt angrep på meg – og ljuge på seg ei konflikt** (ei forhandling som ikkje førte fram) **for å komme i posisjon til ved sjøltekt å kunne tilrane seg mitt areal på Kikut gratis.**
Dette er sjølsagt eit grovt brudd både på Forvaltningsloven og Straffeloven.
Og eit massivt angrep på demokratiet og dei demokratiske spelereglane.

## 4. Kommunestyrevedtak av 28.06, 2007 står fortsatt ved lag.

Hol kommune har på ulovleg grunnlag vedtatt denne Detaljreguleringa for Kikut-utfarten i Kommunestyret 27.05, 2020.
Fylkesmannen har stadfesta dette vedtaket, som byggjer på ulovleg grunnlag.
Og Arne Pålgardhaugen har påtatt seg å iverksetje/realisere dette ulovlege vedtaket.

Så dersom Arne Pålgardhaugen no realiserer denne vedtatte Detaljreguleringsplanen for Kikut-utfarten – så har dermed Hol kommune og Fylkesmannen **stengt seg sjølve og alle andre ute kva gjeld løyper over nokon del av min eigendom for all framtid**.
Dvs. de opprettheldt den 'løypenekten' som ulovleg ble iverksatt av Hol kommune allereie i 2007.
Fylkesmannen i Oslo og Viken kan ikkje sjå at dette vedtaket av Detaljreguleringa for Kikut-utfarten har nokon samfunnsmessige konsekvenser.
Vel – ikkje anna enn at Hol kommune og Fylkesmannen ved realisering av dette vedtaket har sørga for at dei opprinnelege løypene til Ruperanden og Tuva/Ustetind aldri vil kunne reetableras.
Dette rammer alle !

Og vedtaket her står altså fast – det kan ikkje påklages.

Men ingen må tru at de med dette vedtaket av 20, 05, 2020 som no er stadfesta, dermed har kvitta dikkon med vedtaket av 28.06, 2007 – og mitt betalingskrav.

Eg gjer alle merksam på at det no har gått over 13 år sidan Hol kommune vedtok denne parkeringen/utfartsløypa ut fra Rv.40 og austover innafor mitt areal på Kikut i 2007.
Hol kommune beslagla mitt areal på Kikut med dette vedtaket.
Eg vil få presisere at:
Hol kommune har aldri inngått nokon låneavtale med meg om å kunne 'sitte på' dette vedtaket – og skalte og valte med vedtaket etter eige forgodtbefinnende – og med det beslaglegge mitt areal på Kikut i 13 år - **rentefritt**.
Tvert imot – Hol kommune har mottatt betalingsvarsel/rentenota frå meg kvar mnd. i alle desse 13 åra etter at vedtaket ble gjort 28.06, 2007.

Så det at Fylkesmannen og Hol kommune ved å vedta denne Detaljreguleringsplanen no endeleg har tatt stilling til valg av løypetrase for Kikut-utfarten mot aust,
**innebær ikkje meir enn det**!

Vedtaket av 28.06, 2007 står ved lag inntil Hol kommunestyre har gjort eit Endringsvedtak der dei sier ifrå seg mitt areal på Kikut, og har gjort opp for rentene. (Sjå vedlagt betalingsvarsel/rentenota av 01.01, 2021.)
Rentene som Hol kommune er skyldige meg pr.idag beløper seg til 26 000 000,-

## 5. Oppsummering og konsekvenser.

Fylkesmannen og Hol kommune har med sitt vetak/stadfesting av vedtak av Detaljregulering for Kikut-utfarten sørga for å stenge seg sjølve og alle andre ute kva gjelder løyper over hjå meg.

Denne ulovlege '**løypenekten**' som omfatter alle løyper som krysser nokon del av min eigendom – er ei stadfesting/fortsettelse av den 'løypenekten' som Hol kommune iverksatte ved ulovleg å fjerne alle løyper over min eigendom i 2007.

**Så dermed er all skyld og heile ansvaret for dette no endeleg plassert der det høyrer heime, og der det har høyrt heime i alle desse åra etter at vedtaket vart gjort 28.06, 2007 – nemleg hjå Hol kommune.**

Så til oppgjeret.
Til informasjon:
Eg viser til mine brev til Hol kommune m/kopi til Fylkesmannen i Buskerud, Arne Pålgardhaugen, Ivar og Nick Tollefsen med fleire av **08.03,2015**, **16.02,2018** og **21.09,2019** – der dette med oppgjer er grundig redegjort for og presentert, og som også befinner seg i Saksgrunnlaget som Fylkesmannen er i besittelse av.
Det vedlagte **Betalingsvarsel/Rentenota** angir det formelle kravet som Hol kommune har pådratt seg ved si årelange trenering av vedtaket, og ved at dei aldri har svart på eller forholdt seg til nokon av mine tilbod.

**1.**
Dersom Hol kommune står fast på at denne Detaljreguleringa for Kikut-utfarten mot aust (Kommunestyrevedtak av 27.05,2020 – Sak 32/20) skal realiseras – og med det går vekk frå vedtak av 28.06, 2007 som gjelder for mitt areal ved Svartesteinstjødnet på Kikut – så fordrer dette at Kommunestyret i Hol gjer eit **Endringsvedtak.**
Dvs. at dei må gjere eit vedtak der dei si ifrå seg mitt areal på Kikut – og så gjere opp for rentene.
**Vedtaket av 28.06, 2007 står ved lag inntil Endringsvetaket er gjort, og oppgjer foreligger.**
Rentene beløper seg pr.idag til:
**26 000 000,-**
Dette vil være eit beløp som Hol kommune då må ta frå Kommunekassa (dvs. dei kan ikkje påleggje Utbyggjarane å betale dette).
Så det betyr at Hol kommune vil måtte belaste innbyggjarane i Hol med å skulle dekke denne enorme økonomiske byrden dei har pådratt seg ved si årelange og ulovlege trenering og uthalinga av vedtaket av 28.06, 2007.

**2.**
Dersom denne vedtatte Detaljreguleringsplan for Kikut-utfarten forutset/legg opp til motorisert trakking av løyper over over nokon del av mitt areal på Kikut – så utløyser dette mitt betalingskrav knytta til vedtaket av 28.06, 2007.

Dette må gjeras opp i henhold til det formelle Betalingskravet som Hol kommune har pådratt seg – og som no er oppe i 42 000 000,-
Dvs. at ei løypekryssing på den eine eller den andre sida av Svartesteinstjødnet vil utgjere halvparten av dette beløpet – som pr. i dag utgjer:
**21 000 000,-**

3.
Det er sjølsagt fortsatt mogleg for Hol kommune å snu i denne saka, og for Arne Pålgardhaugen å unnlate å realisere vedtaket/detaljreguleringsplanen for Kikut-utfarten.
Så dersom kommunen og utbyggerne heller velger å innfri Vedtak av 28.06, 2007 gjeldende for utfartsparkering/utfartsløyper innafor mitt areal på Kikut – og deler kostnadene seg imiljo (der eg også er med på det spleiselaget) – vil kostnaden for å innfri vedtaket pr. i dag beløpe seg til **20 500 000,-**
(mitt bidrag er allereie fratrukket i dette beløpet med 4 000 000,-)

4.
Den siste moglege løysinga (slik eg ser det) – er at nokon (kem som helst) kjøper dette arealet mitt på Kikut, og dermed løser Hol kommune fra **Betalingskravet/Rentekravet** knytta til Kommunestyrevedtaket av 28.06, 2007.
I det tilfellet vil Arne Pålgardhaugen kunne realisere denne Detaljreguleringsplanen for Kikut-utfarten.
Eg frafaller mitt Betalingskrav/Rentekrav til Hol kommune.
Og ein evt. kjøper av mitt areal på Kikut står fritt til å gjere med det kva han vil.
Prisantydning:
**20 500 000,-**
Vedtaket av 28.06, 2007 vil stå ved lag inntil oppgjer foreligger.
Eit slikt oppgjer vil også frigjere løypene over hjå meg til Ustetind / Tuva.

Og tilslutt:
**Ingen vil ved hjelp av Friluftsloven eller anna kunne byggje ei ekspropriasjonssak på kriminelle handlinger, forsømmelser og løgner utført og iverksatt av Hol kommune, for så å rette saka og anklagene imot meg.**
**Det foreligg eit Kommunestyrevedtak frå 2007 som Hol kommune plikter å gjere opp for på den eine eller den andre måten** (sjå ovanfor).

Med venleg helsing
Ragnhild Hammersbøen
Ragnhild Hammersbøen

VEDLEGG: Betalingsvarsel/Rentenota av 01.01, 2021

Kopi:
- Alle kommunestyrerepr. i Hol
- Geilo Sti og Løypelag v/ Roger Espeli
- Geilo Velforening v/ Christine Neumann
- Geilo Holding A/S og Ustetindhytta osv. v/ Ivar og Nick Tollefsen
- Geilo Holding A/S, Kikut Eiendom A/S osv. v/Arne Pålgardhaugen
- Skarverennet v/Håvard Veslehaug
- Andre

Ragnhild Hammersbøen
Ustedalen 330
3580 Geilo

Tlf.: 32090867
Bankkontonr.: 2333. 33. 84515
Org.nummer: 869 630 462MVA

10003

**Hol kommune**
**Ålmannvegen 8**
**3576 HOL**

# BETALINGSVARSEL/RENTENOTA

Rentedato: 01.01. 2021
Forfallsdato: 15.01. 2021
Referanse nr.: 7

Vi kan fortsatt ikke se å ha mottatt innbetaling for:
Utfartsløype/utfartsareal mot øst på Kikut, gjeldende for Gnr. 69/2 –
Jmfr. Kommunestyrevedtak: Sak 48/07 – av 28.06, 2007.

| | Fakt.nr. | Fakt.dato | Forf.dato | Fra dato | Til dato | R.sats | R.grunnlag | Purrebeløp/Renter |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Faktura | 6 | 02.07.18 | 16.07.18 | | | | | 12 602 507,49 |
| Faktura | 5 | 28.06.07 | 28.07.07 | | | | | 16 000 000,00 |
| Renter | 5 | 28.06.07 | 28.07.07 | 03.07.18 | 01.01.21 | 8,50 | 16 000 000,00 | 3 405 589,16 |
| Faktura | 2 | 30.07.12 | 29.08.12 | | | | | 8 419 360,96 |
| Renter | 2 | 30.07.12 | 29.08.12 | 03.07.18 | 01.01.21 | 8,50 | 8 419 360,96 | 1 792 094,55 |
| Gebyr | | | | | | | | 950,00 |
| | | | | | | | | 42 220 502,16 |

==========

Vi imøteser Deres innbetaling snarest.

HOL KOMMUNE
SERVICETORGET

2333.33.84515 42 220 502, 16

Kundenr.: 10003
Referansenr.: 7

15.01. 2021

Hol kommune
Ålmannvegen 8,
3576 HOL

Ragnhild Hammersbøen
Ustedalen 330
3580 GEILO

42 220 502, 16 2333 33 84515